



Jonny Hjelle  
Langarinden 370 A  
5132 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/142 - 14/6808

Saksbehandlar:  
Tore Rikstad  
tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:  
19.06.2014

## Gnr. 14/45 Valdersnes - Avkjørsel- Overvatn

Det vert vist til tidlegare saksgang.

Som opplyst i vårt brev av 20.12.13 er det som vegeigar med bakgrunn i veglova kommunen som set krav om utbetring av avkjørsle og overvasshandteringa for i framtida å hindra liknande skader som har kome fram i denne saka. Dei privatrettslege forholda rundt denne saka vil kommunen som vegstyremakt ikkje ta del i.

Kommunen legg til grunn at avkjørsla til kommunal veg er endra og at bekken er lagt i røyr utan at det ligg føre søknad om løyve. Endring av avkjørsle til kommunal veg er eit søknadspliktig tiltak etter veglova §40:

«(...)*avkjørsle til kommunal veg skal ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.*»

Avkjørsla slik den i dag er utforma er etter kommunen si vurdering mangelfull. Avkjørsla må difor utformast slik at ikkje overvatnet kjem inn i og over vegen. Avkjørsla må ikkje leggjast høgare enn vegkanten på kommunevegen og skal også ha fall frå kommunevegen. Under avkjørsla må det leggjast tilstrekkeleg stort røyr slik at veggrøfta ikkje vert skada og grøftevatnet har fritt avløp.

Kommunen gjer merksam på at endring av avkjørsle til kommunal veg samstundes kan vera eit søknadspliktig tiltak etter plan-og bygningslova. Dette må avklarast med byggesaksavdelinga i kommunen.

Etter kommunen si vurdering må bekken opnast att/fjerna røyr og fyllmasser mot stikkgrøfta som går gjennom vegen i ein slik utstrekning at all overvatn går uhindra gjennom stikkgrøfta.

Eigar har ansvar for at avkjørsle til kommunal veg og handtering av overvatn vert forsvarleg bygd og vedlikehalde. Om avkjørsle til kommunal veg og overvatn ikkje vert forsvarleg bygd og vedlikehalde kan kommunen gje pålegg om retting eller la arbeida bli utført av andre for eigars rekning etter veglove §§ 42 og 43.

Veglova § 42:»*Blir avkjørsla bygd eller nytt i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gjevest påbod om av avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlege sin kostnad.*»

Veglova § 43: « *Eigaren eller brukaren av eigedommen er ansvarleg for vedlikehald av avkjørsla til eigedommen. Er vedlikehald ikkje forsvarleg, kan det, så langt det blir funne naudsynt, gjerast på den ansvarlege sin kostnad*»

De vert med dette varsle om at kommunen vil gje pålegg om retting i saka, og om naudsynt utføra retting for dykkar rekning. Før kommunen handsamar saka vidare gir vi dykk høve til å koma med uttale i saka. Uttale må liggja føre **innan 18.07.2014**.

Med helsing

Tore Rikstad  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Rolf Valdersnes	Valdersnesvegen 245	5939	SLETTA
Geir Hugo Valdersnes Tind Advokater	Postboks 17 Postboks 184 Sentrum	5907 5084	ALVERSUND BERGEN

**Mottakere:**

Jonny Hjelle

Langarinden 370 A 5132

NYBORG